

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 27. juni 2014, kl. 09.30

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Stordal kommune møtte ordførar Charles Tøsse i sak 13/14 og 14/14, rådmann Lars Joranger tok del i sak 15/14.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det kom opp ei sak under eventuelt.

**SAK 13/14**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 23. JUNI 2014**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 23. juni 2014 blir godkjent.

**SAK 14/14**

**VARSEL TIL POLITISK LEIING DATERT 23.06.2014, B - SAK**

Leiar fremma forslag om å lukke møtet. Ved votering vart dette samrøystes vedtake med heimel i kommunelova § 31 nr. 2 og Offentleglova § 13.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 15/14**

**ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR OM UTFORDRINGAR I PLEIE- OG  
OMSORGSTENESTENE, B-SAK (Saka kom opp under eventuelt)**

Det blir vist til sak 14/14.

Leiar fremma forslag om å lukke møtet. Ved votering vart dette samrøystes vedtake med heimel i kommunelova § 31 nr. 4.

1. Kontrollutvalet viser til orientering frå ordførar om 3-partsmøtet mellom ordførar, varaordførar, rådmann, ass. rådmann samt to tillitsvalde om dei utfordringane som er innan helse- og sosialtenestene når det gjeld å oppretthalde eit tilfredsstillande tenestenivå i sommarferien,
2. Med bakgrunn i orienteringa tek kontrollutvalet saka til orientering.

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

Jonas Falch  
nestleiar  
(sign.)

Roger Lillebø  
medlem  
(sign.)